

Alver kommune  
Postboks 4  
5906 FREKHAUG

---

<b>Dato</b>	24.02.2022
<b>Vår referanse</b>	2022/9758-2
<b>Dykkar referanse</b>	21/4838 - 22/7566
<b>Sakshandsamar</b>	Lillian Bakke Byrknes
<b>E-post</b>	Lillian.Bakke.Byrknes@vlfk.no
<b>Telefon</b>	45638702

## Uttale - Dispensasjon - parkeringsplass - gnr. 172 bnr. 211 - Hopland - Alver kommune

Vi viser til førespurnad frå Alver kommune om uttale til dispensasjonssøknad, datert 26.01.2022.

### Planstatus

Eigedomen er regulert til barnehageføremål reguleringsplanen Nilshøyden med planID 1263201101. Arealet er tenkt sett i samanheng med tilgrensande barnehage som ligg innanfor reguleringsplan for Seim barnehage med planID 1263200812.

### Uttale

Det er søkt om dispensasjon frå arealføremålet i reguleringsplan og opparbeiding av parkeringsplass på eigedom gnr 172 bnr 211.

I søknaden som ligg ved brevet er det ikkje opplyst kva parkeringsplassen skal nyttast til. Alver kommune skriv den er søkt om til bruk for heimelshavarar. Vi meiner at det bør ligge føre argument for behov for parkeringsplass i staden for barnehageføremål slik eigedomen er regulert som.

Det går privat veg forbi eigedomen og ut til fylkesveg 5474 Lurevegen. Dersom kommunen gjev løyve til parkeringsplass på eigedomen, må det søkast om utvida bruk av avkøyrsløp til offentleg veg til Vestland fylkeskommune.

Med helsing

**Kari Elster Moen**  
senioringeniør  
INV - Forvaltning Bergensområdet

**Lillian Bakke Byrknes**  
rådgjevar  
INV - Forvaltning Bergensområdet

*Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift*